

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

**Karianne Torvanger (A)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Hovudutval for opplæring og kompetanse delar ikkje avdelingsdirektøren sine vurderingar om at det er tilstrekkeleg med 1 elev og lærlingombod i Vestland. Vi er eit fylke med store avstandar, vi har 46 skular med over 20 000 elevar og vi har nærare 7000 lærlingar i ulike bedrifter i heile fylket.

Ombodet skal være eit lågterskeltilbod og skal være tett på eleven og lærlingen. Det framstår som lite hensiktsmessig at ombodet skal være mindre tilgjengeleg for elevar og lærlingar som har behov for tenestene. Dette svekkar laget rundt elevane og lærlingane våre.

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at fylkesdirektøren snarast lyser ut og tilset i den vakante stillinga.»

### **Avrøysting**

Haugland sitt forslag fekk 1 røyst (FNB) og fall.

Torvanger sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (FNB)

### **Vedtak**

Hovudutval for opplæring og kompetanse delar ikkje avdelingsdirektøren sine vurderingar om at det er tilstrekkeleg med 1 elev- og lærlingombod i Vestland. Vi er eit fylke med store avstandar, vi har 46 skular med over 20 000 elevar og vi har nærare 7000 lærlingar i ulike bedrifter i heile fylket.

Ombodet skal være eit lågterskeltilbod og skal være tett på eleven og lærlingen. Det framstår som lite hensiktsmessig at ombodet skal være mindre tilgjengeleg for elevar og lærlingar som har behov for tenestene. Dette svekker laget rundt elevane og lærlingane våre.

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at fylkesdirektøren snarast lyser ut og tilset i den vakante stillinga.